

Vekeplan 10. trinn

Veke 36 og 37

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	- Kjenna til og bruka sentrale fagomgrep om språk og språkleg variasjon - Utforska norske dialektar og reflektera over samanhengen mellom språk, stad og identitet - Kjenna til hovudtrekk i norsk språkhistorie og forklara bakgrunnen for bokmål og nynorsk
Engelsk	- Reading, writing and speaking about making choices - Using the future tense - Using writing strategies - Oral exam preparation
Matematikk	- Faktorisera algebraiske uttrykk med eit eller fleire ledd - Trekka saman algebraiske uttrykk med parentesar - Forkorta brøkar med algebraiske uttrykk i teljar og/nemnar
Samfunnsfag	Tema: Demokrati og medborgarskap - Repetera det politiske systemet i Noreg - Repetera internasjonal politikk og samarbeid - Repetera demokratiutviklinga i Noreg Tema: Identitetsutvikling og fellesskap(kriminalitet) - Beskriva sentrale lover, reglar og normer og drøfte kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt
KRLE	Tema: Kristendommen - forklara sentrale trekk ved kristendommen, til dømes tru på Gud og Jesus, Bibelen, frelse og livet etter døden - forklara korleis kristendommen oppstod og spreidde seg, og korleis han blei ein eigen religion - forklara korleis kristendommen har utvikla og endra seg gjennom historia - bruka og forklara sentrale kristne omgrep - utforska kva kristne kan meina om ulike spørsmål i livet og samfunnet - samanlikna dei største kristne kyrkjesamfunna og forklara viktige likskapar og skilnader - vurdera ulike kjelder til kunnskap om kristendommen og tenkja over kven som har laga kjelda, og kva ho kan fortelja oss
Naturfag	- Forklara kva som er meint med forbrenningsreaksjonar, og gje nokre døme på slike reaksjonar - Gjera greie for korleis organismar skaffar seg energi ved celleanding - Forklare korleis kjemisk energi blir omdanna til andre energiformer ved forbrenning av fossile brensel og hydrogen
Spansk	- Repetisjon om å fortelja kva du og andre gjer - Repetisjon om å fortelja kva du og andre skal gjere - Repetisjon om å fortelja kva du og andre har gjort og stadar de har vore.

	• Meir om folkefestar og tradisjonar i Spania
Tysk	• Kunna analysa enkle setningar med ulike setningsledd (subjekt, verbal, direkte objekt, indirekte objekt og predikativ)
Eng fordj.	Crime and Justice: Case study (from Harvard University) • Læra å analysa kriminalsaker • Utvikla kritisk tenking
Arbeidslivsfag	• Planleggja, gjennomføra og vurdere arbeidsoppgåver på ein trygg og ansvarleg måte, og bruka relevante verktøy, utstyr og arbeidsmetodar • Samarbeida med andre, visa initiativ og ta ansvar for eigne arbeidsoppgåver i praktiske arbeidssituasjonar
Kroppsøving	Volleyball: • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Innsats: • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
K&H	Oppgåve: Sjablong • Læra om street-art og nokre av dei mest kjende kunstnarane innan denne kunstforma • Kunna plukka ut fem eigna bilete av nokon som utøver ein idrett eller aktivitet • Kunna bearbeida tre av motiva i ein app, finna skuggar og redusere fargar • Kunna skjera ut sjablongar. • Kunna mala/trykka motivet med svamp på kartong, med detaljar og skyggar som framhever aktiviteten • bruka reiskapar og utstyr slik ein får rettleiing om • Kunna laga eit prosessnotat etter krava i oppgåva
Musikk	• Musisera saman med andre • Kunna spela blues på tre akkordar på valt instrument
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planleggja dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakattedesign • Gjennomføra sal Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Fysisk aktivitet	• Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode • Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle
Friluftsliv	• Planlegga og gjennomføra overnattingstur
Design/redesign	• Bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale.
Trafikk	• Utforska trafikken i nærmiljøet og føreslå konkrete tiltak som kan gjera trafikken tryggare

	Reflektera over og visa kva det inneber å ferdast trygt og ansvarleg i trafikken, og diskutera etiske utfordringar som kan oppstå
Programmering	Bli kjend med blokkprogrammering
Olweus	Inkludera alle i klassen og vera med på og laga eit godt klassemiljø

INFORMASJON TIL HEIMEN

Munnleg prøve

Til våren blir elevane trukket ut i eit fag til eksamen i både skriftleg og munnleg. Torsdag og fredag i veke 36 skal elevane ha første øving til munnleg eksamen. Me har ein miniversjon for å øva på prøveformen. Torsdag får dei vita kva fag dei skal ha, og elevane trekker kva tema dei skal ha. I løpet av dagen vil alle elevane få rettleiing av faglærar. På fredagen skal elevane ha sjølve prøven som varer i 20 min. Når dei er ferdige vil elevane få fri.

Bokbind

Hugs å få på bokbind på alle bøkene

Helsing oss på 10.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Alle munnlege fag	Prøvemunnleg	Karakter	Veke 36
Spansk	Presentasjonar	Karakter	Veke 37

HEIMEARBEID VEKE 36

Norsk	Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok. Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du: - skriv tittel og forfattar - skriv kva sidetal du starta og slutta på - opsummerer kort kva du har lese Leselogg dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Matematikk	Gjer oppgåve 1.106 og 1.107 i oppgåveboka.
Samfunnsfag	Les denne artikkelen om framveksten av velferdssamfunnet i Noreg: 1900-tallet – Aunivers Forklar med egne ord: Kva er eit velferdssamfunn?

	- Kvifor er oljefondet ein stor del av det norske velferdssamfunnet? - Kva velferdsordningar finnst i Noreg i dag?
Naturfag	Forklar kva kolosforgiftning/karbonmonoksid er, og kvifor det er farleg.
Spansk	Førebu presentasjonar om eit spansktalande land eller ditt eige liv som du har hatt tidligare til prøvemunnleg eller munnleg vurdering.
Tysk	Les om setningsledd og analyse i boka. Side 142-143. Skriv 5 setningar på tysk som du analyserer med S og V (subjekt og verbal)
Eng fordj	På ON (Homework Week 36)
Kroppsøving	Volleyball: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
K&H	Oppgåve: Sjablong Ta/finna minst fem bilete med deg sjølv eller ein annan person som motiv, kor du/den som er avbilda utøver ein idrett eller ein aktivitet. Prøv å ta/finn bilete med ulike idrettar og eller aktivitetar. Hugs det du har lært om opphavsrett.
Fysak	Frisbeegolf: Oppmøte i 10B. Ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.
Kantine	Anne Marie si gruppe lagar mat. Vegard si gruppe møter i 10D sitt klasserom.
Trafikk	Oppstart med prosjekt «Min skuleveg»

HEIMEARBEID VEKE 37	
Norsk	Les 3 × 20 minutt i ei valfri bok. Du bestemmer sjølv korleis du fordeler lesinga. Du kan til dømes lesa 60 minutt på éin dag. Etter lesinga skriv du ein kort leselogg der du: • skriv tittel og forfattar • skriv kva sidetal du starta og slutta på • oppsummerer kort kva du har lese Leseloggen dokumenterer leseprogresjonen din, så hugs å levera han kvar veke.
Engelsk	Read the text "The Giver" on Teams and record yourself.
Matematikk	Gjer oppgåve 1.108, 1.114, 1.115 og 1.116 i oppgåveboka.
Samfunnsfag	Les denne teksten om normer, lover og lovbrudd Normer, lover og lovbrudd - Aschehoug univers (står på side 10-14 i Arena 10) Bruk deretter tabellen nedst i teksten, sjå på NRK, kva lovbrudd finn du eksempel på i nyheitane? Skriv kva lovbrudd du finn og legg ved link til artikklane(3-5stk)
KRLE	Les side 193-196 («Kristendommen blir verdsreligion») i KRLE-boka (stopp før den delen om den katolske kyrkja.). 1. Skriv ei oppsummering av det du las. Du vel sjølve kva for studieteknikk du vil bruke (notar, tankekart, kolonneskjema osv). 2. Finn ut meir om kristninga av Noreg. Når skjedde det? Korleis skjedde det? Kven gjorde det?
Naturfag	Les side 173-175. Forklar kva celleanding, aerob og anaerob forbrenning er?
Spansk	Førebu deg til verbtest på spansk på torsdag med framtid, fortid og presens (nåtid).

Tysk	Les om subjekt og predikativ s.143. Kva verb gjer at setningsleddet etterpå blir predikativ? Kan du desse verba? Skriv dei i skriveboka di.
Eng fordj	På ON (Homework Week 37)
Arbeidslivsfag	Sjå teams Kantinegruppa: ta med forklede og hårstrikk
Kroppsøving	Volleyball: Hugs å ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera inne. Symjing: Partallsveker: D, A. Oddetallsveker: E, B, C.
Kantine	Vegard si gruppe lagar mat. Anne Marie si gruppe møter i 10D sitt klasserom.
Fysisk aktivitet	Frisbeegolf: Oppmøte i 10B. Ta med gymklede og <u>sko</u> til å vera ute.
Friluftsliv	Møt i klassrommet. Info på teams.
Trafikk	Arbeide med prosjekt.